

Høyringsinstansar
– sjå liste sist i brevet

Vår ref.
2026/5657 - 29391/2026

Deres ref.

Saksbehandler
Elisabet Stalheim Pedersen

Dato
30.06.2026

Høyring - Det åttande samhandlingsforløpet: Barn og unge med rusmiddelvanskar

Barn og unges helseteneste i Møre og Romsdal arbeider med å utvikle eit felles/nytt samhandlingsforløp, som skal bidra til betre koordinering og samarbeid mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta når det kjem til barn og unge med rusmiddelvanskar. Målet er å sikre at barn og unge får rett hjelp - på rett stad – til rett tid.

Bakgrunnen for arbeidet er behovet for å styrke og samordne hjelpa til barn og unge som har vanskar knytt til rusmiddelbruk. I dag kan mange møte eit fragmentert hjelpeapparat, der ansvar, roller og tiltak varierer mellom tenester og nivå. Dette kan føre til at barn og unge ikkje får hjelp tidleg nok, og at problema utviklar seg til meir alvorlege enn naudsynt.

Vi sender med dette utkast til nytt samhandlingsforløp for barn og unge med rusmiddelvanskar på høyring. Hensikta med høyringsrunden er å sikre at forløpet er fagleg solid, relevant og anvendeleg. Difor ber vi no om at utkastet gjennomgåast lokalt, og at relevante leiarar og fagpersonar frå helse- og oppveksttenestene vert involverte i vurderinga, slik at høyringssvaret byggjer på erfaringar frå tenestene som skal ta forløpet i bruk.

Forløpet skal mellom anna bidra til:

- Tydlegare roller og ansvar mellom tenestene
- Tidlegare innsats og betre flyt i oppfølginga
- Betre samarbeid på tvers av sektorar
- Styrka kompetanse hjå fagpersonar
- Auka tryggleik og kontinuitet for barn, unge og pårørnde

Vi ønsker særleg innspel på følgande:

- I kva grad forslaget opplevast som tydeleg når det gjeld roller og ansvar
- Om forløpet er praktisk gjennomførbart i tenestene de har

Postadresse:
Helse Møre og Romsdal
Postboks 1600
6026 Ålesund

Elektronisk adresse:
postmottak@helse-mr.no
Org nr. 997 005 562

Generell informasjon:
Sentralbord Sunnmøre: 70 10 50 00
Sentralbord Nordmøre og Romsdal: 71 12 00 00
Telefaks: 70 10 53 18

- Kjem det godt nok fram kva kvar teneste skal gjere? Kven som har ansvar?
- Er samarbeidet med andre tenester tydeleg nok forklart?
- Vi har nytta BTI som eksempel på kommunal samhandlingsmodell. Korleis kan vi formulere teksten for å inkludere andre samhandlingsmodellar?
- Er forløpet konkret nok? Seier vi nok om kva, korleis og med kva for hjelpemiddel/verktøy?
- Korleis er språket? Kan kven som helst forstå og kunne nytte dette forløpet (nytilsette, tilsette som ikkje har norsk som hovudmål, ulike tenestenivå)
- Varetek forløpet barnet, ungdommen og familiens behov?
- Er overgangar/samtidighet i oppfølginga godt nok sikra?
- Intern
- Er det noko som manglar her eller ser de andre forhold de meiner er viktige for å nå målet med dette forløpet?
-

Høyringsfristen er satt **til 25.09.2026**

Innspel kan sendast til **elisabet.stalheim.pedersen@helse-mr.no**

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt med:

Elisabet Stalheim Pedersen

Prosjektkoordinator/prosjektleder Barn og unges helseteneste i Møre og Romsdal

Psykisk helsevern for barn og unge, klinikk for psykisk helse og rus

Helse Møre og Romsdal

Tlf. 92461439

Vi sett stor pris på dykkar tid og innsats i denne høyringa. Bidraga vil vere viktige i det vidare arbeidet med å utvikle eit samanhengande og treffsikkert hjelpetilbod til ei sårbar gruppe. Det handlar ikkje berre om å kvalitetssikre innhaldet. Forløpet må og opplevast som tydeleg og nyttig for dei som skal bruke det i praksis. Erfaringane og innspela frå dykk i kommunane vil difor vere avgjerande for det endelege resultatet

Med vennleg helsing

Elisabet Stalheim Pedersen

Prosjektkoordinator//prosjektleder

Vedlegg:

8 vedlegg med beskrivelse av tenester med roller og ansvar.

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Høyringsinstansar:

Volda kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Volda kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Ørsta kommune	Kommunalsjef, helse, omsorg og velferd
Ørsta kommune	Kommunalsjef, oppvekst, kultur og inkludering
Hareid kommune	Kommunalsjef, velferd
Hareid kommune	Kommunalsjef, læring og kultur
Herøy kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Herøy kommune	Kommunalsjef, kultur og oppvekst
Vanylven kommune	Fagleiar, helse og omsorg
Vanylven kommune	Fagleiar, kultur og oppvekst
Sande kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Sande kommune	Kommunalsjef, oppvekst og kultur
Ulstein kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Ulstein kommune	Kommunalsjef, oppvekst og kultur
Ålesund kommune	Kommunalsjef, helse
Ålesund kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Fjord kommune	Kommunalsjef, helse, omsorg og velferd
Fjord kommune	Kommunalsjef, oppvekst og kultur
Giske kommune	Kommunalsjef, helse
Giske kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Stranda kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Stranda kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Sula kommune	Kommunalsjef, helse og mestring
Sula kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Sykkylven kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Sykkylven kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Haram kommune	Kommunalsjef, livsløp
Haram kommune	Kommunalsjef, barnehage og skule
Molde kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Molde kommune	Kommunalsjef, oppvekst, kultur og velferd
Hustadvika kommune	Kommunalsjef, helse og velferd
Hustadvika kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Aukra kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Aukra kommune	Kommunalsjef, oppvekst og kultur
Rauma kommune	Kommunalsjef, helse og velferd
Rauma kommune	Kommunalsjef, skule
Sunndal kommune	Kommunalsjef, velferd
Sunndal kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Tingvoll kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Tingvoll kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Gjemnes kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Gjemnes kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Vestnes kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg

Vestnes kommune	Kommunalsjef, kultur og oppvekst
Kristiansund kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Kristiansund kommune	Kommunalsjef, oppvekst
Aure kommune	Enhetsleder, Helse og familie
Aure kommune	Enhetsleder, oppvekst og integrering
Averøy kommune	Enhetsleder, helse og førebygging
Averøy kommune	Fagsjef, oppvekst
Smøla kommune	Kommunalsjef, livsløp
Smøla kommune	Kommunalsjef/rådgiver, oppvekst
Surnadal kommune	Kommunalsjef, helse og omsorg
Surnadal kommune	Kommunalsjef, oppvekst
KORUS midt	Avdeling Ålesund
Foreninga for human ruspolitikk	
Mental helse UNG	
Ungdomsrådet HMR	
Psykisk helsevern for barn og unge	
HMR	
Avdeling for Tverrfagleg	
spesialiserte rusbehandling TSB,	
HMR	
Samhandlingslegar HMR	
Fylkeskommunen Møre og Romsdal	
Fagleg samarbeidsutval for barn og	
unge i Møre og Romsdal	
Statsforvalteren i Møre og Romsdal	